
Saknr: 2021/19733-3
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 17.06.2021

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Tilleggsnotat 2 til sak om møteplan for folkevalde organ i 2022

Fylkeskommunedirektøren viser til handsaming av politisk sak om møteplan for folkevalde organ i 2022, på møte i fylkesutvalet, 15.juni 2021. Det vart gjort følgjande vedtak;

1. «Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek framlagte møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.»

På møte i fylkesutvalet kom det fram følgjande forslag og merknader som fylkesrådmannen vart bedt om å vurdere og sjekke ut fram mot handsaminga i fylkestinget;

Forslag frå Marthe Hammer (SV):

«Marsmøtet flyttast frå 22. mars til 10. mars og blir eit fellesmøte med Y-nemnda Grunngeving - Presentasjon til Oppko og Y-nemnda av søkjartal, grunnlag og utfordringar i justering av opplæringstilbodet så tidleg som mogleg etter fristen for søking til vidaregåande skule 1. mars.

«Aprilmøtet flyttast frå 27. april til 6. april Grunngeving - når saka om justering av opplæringstilbodet 2022/23 kjem tidleg i april, vil skulane ha betre grunnlag for skuleårsplanlegginga og førebuing av nytt skoleår.

«Novembermøtet flyttast frå 16. november til 23. november Grunngeving - noko betre tid til ferdigstilling av Sak om opplæringstilboda ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune skuleåret 2023/24. Denne saka dannar grunnlag for utlysing og kva tilbod det kan søkast til i Vigo for kommande skuleår. Ei slik sak vil bli lagt fram kvart år på hausten, og det er viktig for OPK å få god tid på å utarbeide saksframlegget, og dato for behandling i Oppko er ønskeleg så seint som mogleg i november kvart år.»

Merknad frå Silja Ekeland Bjørkly (H):

«Utsjekk av felles eller ulik haustferie mellom gamle Hordaland og Sogn og Fjordane.»

Fylkesrådmannen si vurdering

Flytting av møte i hovudutval for opplæring og kompetanse, 22. mars til 10. mars slik det er skissert

i forslaget til Marthe Hammer (SV) er mogeleg og uproblematisk. Forslaget om flytting av møte 27.april til 6.april, vil derimot komme i konflikt med oppsett møte i fylkesutvalet, 5.-6.april. Fylkesrådmannen føreslår flytting av møtet 27.april til 7.april som eit alternativ. Fylkesrådmannen

har ingen merknader til forslaget om å flytte møtet i hovudutvalet for opplæring og kompetanse, 16.november til 23.november.

Når det gjeld merknaden frå Silja Ekeland Bjørkly (H) om felles eller delt haustferie, så er skuleruta for 2022/2023 med haustferie 2022 enno ikkje fastsett, slik som opplyst i saksframlegget.

Det er likevel i skulerute 2020/2021 og 2021/2022 for gamle Hordaland og Sogn og Fjordane, lagt opp til felles haustferie i veke 41. Fylkesrådmannen legg derfor til grunn at dette vert vidareført også i skuleruta for 2022/2023.

Fylkesrådmannen viser også til det første tilleggsnotatet til saka, datert 04.juni 2021, etter at saka vart utsett i møte i fylkesutvalet, 2.juni 2021.

Med grunnlag i det første notatet og fylkesrådmannen si vurdering i dette tilleggsnotatet, vil det bli foreslått følgjande møteplan for folkevalde organ i 2022;

møte folkevald organ	D er digitalt *ikkje											
	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			16/17			21/22			28/29			14/15
Fylkesutvalet	18 (D)	08 (D)	08/09	05/06	03 (D)	01/02 21			06 (D) 20 (D)	18/19	08/09 29 (D)	
Finansutvalet			08			01			20 (D)	18	08	
HU SAMO	12 (D)	16	22 (D)	26	24 (D)			31 (D)	14	05 (D) 26	16	
HU KULII	13 (D)	16	23 (D)	28	24 (D)	23 (D)		30 (D)	14	05 (D) 26	17	
HU OPPKO	12 (D)	16	10 (D)	07	24 (D)			26 (D)	14	06 (D) 26	23	
HU NÆRIN	13 (D)	16	24 (D)	26	24 (D)	23 (D)		31 (D)	14	06 (D) 26	17	
Adm.utvalet	25 (D)			20					07 (D)		24	
Politikardag*		15							13	25		

Ny innstilling frå fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen foreslår slik ny innstilling til fylkestinget i saka om møteplan for folkevalde organ i 2022;

1. Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek justert møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune som ligg i tilleggsnotat 2 til saka.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.